



DET KONGELEGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

I følge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/2221-16

12. oktober 2018

## Høyringsnotat om lovfesting av plikt for kommunane til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens

Helse- og omsorgsdepartementet sender med dette ut på høyring eit framlegg om å lovfeste ei plikt for kommunane til å tilby dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens. Departementet føreslår at plikta blir teken inn i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova) som nytt nummer 7 i lova § 3-2 første ledd. Det blir òg føreslege endringar i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester for å tydeliggjere at kommunane har rett til å krevje eigendelar for dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens.

Mange kommunar har allereie etablert ulike former for dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demenssjukdom sjølv om kommunane ikkje har ei eksplisitt plikt til å tilby slike dagaktivitetstilbod. Stortinget har gjort eit vedtak der regjeringa blir beden om å fremje eit framlegg til endring av helse- og omsorgstenestelova slik at det blir fastsett ei plikt for kommunane til å tilby dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens frå 1. januar 2020.

Dagaktivitetstilbod gjev meining, meistring og gode opplevingar for den einskilde og avlasting for dei pårørande, i tillegg til at slike tilbod bidreg til å hindre eller utsetje innlegging på institusjon. Det er eit mål at alle skal få moglegheita til å bu heime så lenge som råd og få individuelt tilrettelagde tenester i sin eigen heim. I tråd med føremålsfråsegna i helse- og omsorgstenestelova skal kommunane gjennom tenestene sine bidra til at det skal vere mogleg òg for menneske som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv eller som er heilt avhengige av praktisk eller personleg hjelp, å leve eit aktivt og meningsfylt liv i fellesskap med andre, leggje til rette for meistring av sjukdom og nedsett funksjonsevne og sikre at tenestetilbodet blir lagt til rette med respekt for integriteten og verdigheita til den einskilde.

Ein av dei største utfordringane vi står overfor som følgje av auken i levealder og den endra alderssamansetjinga, er at talet på personar med demenssjukdomar sannsynlegvis kjem til å

Postadresse  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@hod.dep.no

Kontoradresse  
Teatergt. 9  
www.hod.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
983 887 406

Avdeling  
Helserettsavdelinga

Saksbehandlar  
Kjetil Jonsbu  
22 24 87 81

doble seg fram mot år 2040. Dei fleste av desse personane vil trenge ulike tenester i sin eigen heim eller på sjukeheim i løpet av sjukdomsperioden, og deira næraste vil trenge avlasting og støtte. I dag er ikkje dei kommunale helse- og omsorgstenestene godt nok tilrettelagde for personar med demens og deira pårørande. Departementet meiner at det vil bidra til å møte desse utfordringane dersom det blir ei lovfest plikt for kommunane å tilby dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens.

Høyringsfråsegner kan avgis digitalt på regjeringen.no. Her kan høyringsinstansane registrere seg, mellomlagre svaret og laste opp vedlegg. Høyringsinstansane kan og sende høyringsfråsegner utan å registrere seg.

Høyringsinstansane blir bedne om å vurdere om saka bør sendes til underliggende etater eller virksomheter, e.l.

Alle kan avgi høyringsfråsegner. Slike fråsegner er som hovudregel offentlege etter offentleglova og vil bli publisert.

Fristen for å levere høyringsfråsegner er fastsett til 14. januar 2019.

Med helsing

Kari Sønnerland (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Elisabeth Salvesen  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*